
Fra: Dag Sudmann <asudman@online.no>
Sendt: 15. juni 2017 23:40
Til: post@magnehope.no
Kopi: Postmottak Meland
Emne: Fw: Flytebrygge

Magn Hope AS
Litlåsvegen 197
5954 Mongstad

med kopi til Meland kommune

Uttale til nabovarsel på utsetjing av Flytebrygge på Hjelten

Me stiller oss positive til at padleklubben ynskjer å setje ut ei ny flytebrygge slik at det kan verta lettare tilgang til kajakken for fleire brukarar. Me synes også at Framo sin velvilje til å bruke deira areal er eit flott tiltak frå bedrifta si side.

Bebuarar på Flatøy har i alle år brukt dette området som badeplass på godvêrdsdagar og nokre av naboane har også båtplassen sin her på eksisterande flytebrygge. Hjeltafjæra har lang tradisjon for å bli brukt til rekreasjon for bydrafolk som ynskjer det og dette vil me at skal forsetja og me ønsker derfor å få komme med nokre kommentarar til søknaden.

Tilkomst til ny flytebrygge går på privatveier til Hjeltafjæra som blir brukt som badeplass, padleklubben og fritidsbåtar for naboar. Me ynskjer difor at vegen skal være lite trafikkert. Vegen til ny flytebrygge skal berre nyttas til transport av padlarar som treng transport til brygga. Når padleklubben flyttar frå området fell retten til å bruke vegen på gr;brn 1/6 vekk. Gjerdet mellom eigedomane må setjast opp att som i dag, når padleklubben etablerer seg i nytt sjøspotsenter i Midtmarka eller vert lagt ner.

Det må tas omsyn til fortøyningar på eksisterande flytebrygge når den nye brygga skal forankrast. Me ynskjer eit kart over oppankring av ny brygge før den blir satt ut, slik at vi kan sjå at det ikkje kjem i konflikt med eksisterande fortøyningar og avløpslending i Hjeltafæra.

,
På vedlagt kart er det ikkje teikna inn utriggarar til eksisterande flytebrygge mot sør og me ser at det vert dårleg tilkomst til eksisterande brygge og ønsker at det blir sett på å om det er mogeleg å trekke ny flytebryggje lenger sør for ikkje å hindre tilkomst til eksisterande brygge. Ved måling på vedlegg D-1 ser ein at avstanden mellom eksisterand brygge og ny flytebrygge er 12m dersom vi har ein utriger på 6m. Ved måling i Nordhordlandskart er til dømes avstanden mellom bryggene på Lillebergen på det smalaste 26m med utriggere på 6m

På øst sida (mot eksisterande brygge) av flytebrygga må ikke fortøyast båtar då dette vil hinder tilkomsten til eksisterande brygge.

Mvh

Dag Albert Sudmann



Denne e-posten har blitt sjekket for virus av antivirusprogramvare fra Avast
www.avast.com